

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 28.04.2016

SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- ØKONOMIREGLEMENT
- RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR GULEN KOMMUNE 2016-2020
- GRAVFERDSVEDTEKTER/FESTEAVGIFTER – NY SATS
- KOMMUNESTRUKTURPROSESS I GULEN KOMMUNE - GODKJENNING AV AVTALAR SOM GRUNNLAG FOR FOLKEAVRØYSTING
- HØYRING AV TILLEGGSSØKNAD MED ENDRA TRASE VEDK. KRAFTLINER FRÅ DALSBOTNFJELLET VINDKRAFTVERK - FRØYSET TRANSFORMATORSTASJON
- SAMARBEIDSAVTALE FOR UTBYGGING AV BUSTADER I EIVINDVIK - MOMENT TIL DISKUSJON I KOMMUNESTYRET
- KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2016 - 2020 - VURDERING AV KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL
- FORSLAG I MEKLING VEDK. DETALJPLAN FOR VEG SKIPAVIKA - BRANDANGERBRUA, GBNR. 79/1, 79/5, 79/33, 79/36, 79/47 SANDE OG GBNR. 80/1-4, 80/6 STORENES
- GODKJENNING AV DETALJPLAN FOR VEG SKIPAVIKA - BRANDANGERBRUA, GBNR. 79/1, 79/5, 79/33, 79/36, 79/47 SANDE OG GBNR. 80/1-4, 80/6 STORENES
- REVISJON AV REGLEMENT FOR FINANSFORVALTNING I GULEN KOMMUNE

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik torsdag 28.04.2016 kl. 10.00.

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar

TAKK for flott oppmøte

Gulingane mobiliserte stort til folkemøter! På dei 4 folkemøta samla vi om lag 430 personar. Vi er supernøgde med det! Folk er engasjerte, og har klare meiningar om framtida for Gulen. I samband med folkemøta vart det arrangert eige møte med 10. klassane på dei ulike skulane.

På desse møta vart det diskutert saka og ungdomane vart sterkt oppmoda om å delta i prosessen og å stille opp for å røyste.

Kommunestyret skal i møte den 28. april 2016 vurdere dei ulike intensjonsavtalane og ta standpunkt til kva alternativ innbyggerane skal røyste over den 23. mai 2016.

Me ynskjer framleis innspel frå innbyggjarane. E-postadressa kommunereform@gulen.kommune.no er open for innspel heilt fram til kommunestyret gjer sitt vedtak i juni 2016.

På heimesida www.gulen.kommune.no kan de få oppdaterte nyhende og finne diverse stoff om kommunereforma. Der finn de også eigenvurderinga av Gulen kommune vurdert opp imot dei aktuelle intensjonsavtalane.

Folkeavrøysting 23. mai 2016

Hugs å sjekke om du står i manntalet.

Manntalet for Gulen kommune ligg ute til ettersyn ved ekspedisjonen på kommunehuset frå 18.04.2016. Du kan kontakte ekspedisjonen, ved oppmøte eller på telefon 57 78 20 00, dersom du er usikker på om du står oppført i manntalet.

Du skal stå i manntalet dersom du var registrert som busett i kommunen per 01.01.2016, og har stemmerett ved vanlege kommuneval. I tillegg har kommunen bestemt at alle som fyller 16 år i 2016, dvs. fødd i 1999 og 2000, også skal vere med. Krav om retting må vere skriftleg og grunngjeve, og skal sendast til valstyret i Gulen kommune.

Førehandsrøysting

Førehandsrøystinga finn stad ved ekspedisjonsavdelinga i Gulen kommune kvar arbeidsdag mellom kl 09.00 og 15.00 i tidsrommet 09. til og med 20. mai. Torsdag 19.05.2016 vert det halde langopent til kl.18.00.

I tillegg til kommunehuset, kan du førehandsrøyste i krinsane og på institusjonar:

- **Laurdag 07.05.2016**
kl. 10.00-13.00
I alle krinsane.
Stad vert kunngjort seinare, på heimesida og ved lokale oppslag
- **Fredag 13.05.2016**
kl. 16.00-17.00
Gulen sjukeheim
- **Laurdag 14.05.2016**
kl. 10.00-13.00
Alle bu- og omsorgssenter

Det er ikkje høve til å førehandsrøyste i andre kommunar.

Heimerøysting

Dersom du ikkje kan komme til eit vallokale fordi du er sjuk eller ufør, kan du søkje valstyret i Gulen kommune om å få røyste heime eller der du held til.

Søknadsfristen for å få røyste heime er onsdag 18.05.2016. Det er ingen formelle krav til innhaldet i søknaden, men det må gå fram av søknaden at veljar er sjuk eller ufør og derfor ikkje er i stand til å førehandsrøyste ein annan stad.

Søknad sendast anten:

- skriftleg til Gulen valstyre, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik
- per telefon 57 78 20 00
- per e-post til postmottak@gulen.kommune.no

Røysting på folkeavrøystingsdagen

Røystetid på valdagen er kl. 10.00–18.00 i alle krinsane. Du kan røyste i alle røystekrinsane, men helst i den krinsen du er busett.

Her er eit oversyn over røystestadane:

Krins	Røystestad
Brekke	Risnehall samfunnshus
Byrknes	Byrknes skule
Dalsøyra	Dalsøyra samfunnshus
Eivindvik	Kommunehuset

Hugs legitimasjon når du skal røyste!

Vil du bli meddommar?



Gulen kommunestyre skal utnemne ulike utval av meddommarar på møte den 16.06.2016.

Det skal veljast 3 medlemmar og 3 varamedlemmar til forliksrådet, 3 kvinner og 3 menn som meddommarar ved tingretten, 2 kvinner og 2 menn til lagmannsretten, 6 kvinner og 6 menn til jordskifterett, og framlegg om 7 skjønnsmedlemmar som vert valde av fylkestinget.

Kva oppgåver har ein meddommar?

Meddommarar (lekdommarar) er vanlege kvinner og menn som er med på å ta avgjerder i rettssaker. Meddommarane spelar ei sentral rolle i vårt rettssystem, og det er ei viktig og engasjerande samfunnssteneste.

Kven kan veljast?

Den som blir vald, må ha tilstrekkelege norskkunnskapar, og elles vere personleg eigna til oppgåva. Tilsette i nokre stillingar, f.eks politi, kriminalomsorg, advokat eller leiande offentlege stillingar, kan ikkje veljast. Det er også krav til god vandel. I tillegg må vedkommande:

- vere over 21 år og under 70 år når valperioden startar. Øvre aldersgrense gjeld ikkje for skjønnsmedlemmar. For forliksrådsmedlemmer er nedre aldersgrense 25 år.
- ha stemmerett ved kommuneval
- ikkje vere under offentlig gjeldsforhandling, konkursbehandling eller i konkurskarantene

Sjå meir informasjon på Gulen kommune si heimeside, og på www.domstol.no/lekdommer

Er du interessert sjølv, eller har framlegg om andre du trur vil passe til desse oppgåvene, kan du sende ein e-post til postmottak@gulen.kommune.no eller skrive til Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik, innan 01.05.2016

Du må ha med opplysningar om namn, adresse, fødselsnummer, telefonnummer, e-postadresse, stilling og yrke. Eventuelle spørsmål kan rettast til Kari Brekken, telefon 57 78 20 08 eller ekspedisjonen, telefon 57 78 20 00.

Plan-nytt

Nærare informasjon finn du på heimeside www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt

I dag pågår 10 arealplanar, blant anna følgjande:

Reguleringsplanar:

Planoppstart:

2016001 Nordre Fløneset fritid og tursime

Planarbeid pågår:

2008001 Taksebotn hytter
2009005 Dingeneset sør hyttegrend
2011001 Storevågsneset, Brandanger
2013003 Gulen industrihamn
reguleringsendring
2014002 Brandanger 75/1,3,5 spreidd bygg

Planarbeid med planprogram:

2014006 Oppdrettsanl. Ortneset, Brekke

Planforslag for:

2014003 Veg Skipavika – Brandangerbrua Fv4

Planforslag med mindre endring:

1972001 gbnr. 123/1 nedre Furdalen hytter (digitalt)
1999004 Børtnes gbnr. 95/24, bustader, planlagt i HPU-møte 14.04.2016

Prosjekt-Nytt

Forstudie Symjehall Dalsøyra, muligheitsstudie pågår.
Prosjekt for trafikktiltak snuplass Byrknes skule pågår.
Utføring uteplass og klatrepark for Brekke barnehage og skule.
Prosjekt barnehage på Hovden pågår.
Prosjekt barnehage på Brekke pågår.
Prosjekt utviding PU Kjellevold ved Dalsøyra bu- og omsorgssenter.
Prosjekt leilighetsbygg Monsverket Eivindvik.
Utgreiing for vassverk på Ånneland.
Vassforsyning søre Gulen, Sløvåg.
Høydebasseng er ferdig.

Kommunalt avlaup Byrknes

Utsleppsledning knytt til slamavskiljar i Nesevågen har vore tett. Kommunen har fleire gonga hatt Johny Birkeland transport inne for assistanse utan hell. No har vi hatt inne eit dykkerselskap som har kapp leidningen og tatt ut stein, blomsterpotte, vaskefille og ei mengde fett. Ingen av desse høyrer heime i avlaupet! Når det kjem til fett, så er dette avfall som verken skal i sluk eller toalett – det skal i søpla. Det har kosta mykje å rette opp i denne feilen. Det har også vore eit stort problem med tette pumper knytt til kloakken i Barvågen den siste tida. **Vær påpasseleg med kva DU sender ned i avlaupet!**

Ny slamtømmingsordning på Hisarøy

Arbeidet med å kartleggje nye abonnentar som vil inn i den kommunale slamtømmingsordninga er no ferdig. Me vil med dette varsle om at Septik24 vil gjennomføre slamtømming på Hisarøy i **veke 18** for dei abonnentane som er påmelde. Me vil sette pris på at dykk ryddar rundt slamavskiljarlok og liknande der dette er naudsynt so framt dykk har moglegeheit til det. Septik24 vil sende ut eit varsel på førehand i veke 14 til påmelde abonnentar. Dersom det skulle vere særskilde høve rundt det å få gjennomført slamtømminga ber med dykk ta kontakt med Septik24/Johny Birkeland Transport direkte, på tlf. 57 78 11 70 eller e-post: birkeland@septik24.no.

Høyring - utbygging av breiband i Gulen kommune

Høyringsfrist: 25.04.2016

Gulen kommune vil vurdere å søkje om statleg tilskot til utbygging av breiband i kommunen og treng gode innspel frå deg!

Kommunen ynskjer å ta del i ein fylkesfemnande søknad, og har desse områda til vurdering:

- Nordgulen
- Dingja
- Dalsbygda
- Oppdalsøyra
- Ånneland
- Mjømna

Breibandsdekninga har blitt vesentleg betre i Gulen det siste året, med utbygging av mobilt 4G-nett i mange delar av kommunen. Mobilselskapa har planar om vidare utbygging i år og neste år, og det ikkje heilt enkelt å avgjere kor aktiv kommunen treng vere når det gjeld konkrete utbyggingsprosjekt. Innspel om område med dårleg dekning er uansett interessant å få, slik at vi kan medverke til god dekning i kommunen vår.

Lag og organisasjonar, bedrifter og innbyggjarar som ønskjer å gje fråsegn må gjere dette innan 25.04.2016 til postmottak@gulen.kommune.no

Føremålet med ordninga er å bidra til at alle husstandar får tilbod om breiband av grunnleggande god kvalitet. Det kan og gjevast tilskot til å auke kapasiteten for breiband i område det ikkje kan forventast å komme nye kommersielle tilbod i dei næraste åra.

Det er seks evalueringskriteria for tildeling av statleg breibandstilskot:

1. Tal nye husstandar som får eit breibandstilbod (vekta 30 %)
2. Forbetring av eksisterande breibandstilbod (vekta 5 %)
3. Kostnadseffektivitet (vekta 25%)
4. Lokal med finansiering (vekta 20 %)
5. Plan for berekraftig drift (vekta 15 %)
6. Påverknad på lokal samfunnsutvikling (vekta 5%)

Eitt av krava for å kunne søkje om statleg tilskot, er at kommunen må kunngjere dei geografiske områda utbygginga skal gjelde for. Eit anna krav er at det skal være mogleg for alle partar i dei prioriterte områda å gje innspel til kommunen som kan være til nytte for søknaden eller prosjektet. Vite meir? Meir informasjon finn du på www.nkom.no. Dekningskart og anna utbyggingsinfo finst på nettsidene til aktuelle leverandørar.

Kontaktperson i Gulen kommune er ass. rådmann Harald Haugejorden, telefon 57 78 20 03

DETTE SKJER I KYRKJA

17. april kl. 11.00:
Gudsteneste i Brekke kyrkje

24. april kl. 11.00:
Konfirmasjonsgudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik.

1. mai kl. 11.00:
Konfirmasjonsgudsteneste i Mjømna kyrkje.

5. mai (helgetorsdag) kl. 15.00:
Barnas misjonsdag i Byrknes bedehusapell

8. mai kl. 11.00:
Konfirmasjonsgudsteneste i Brekke kyrkje.

15. mai (pinsedag) kl. 12.00:
Gudsteneste på Tusenårsstaden Gulatinget

17. mai:
Gudsteneste i Brekke kyrkje (sjå oppslag)

22. mai:
Ikkje gudsteneste

29. mai kl. 11.00:
Gudsteneste i Brekke kyrkje

5. juni kl. 11.00:
Gudsteneste i Gulen kyrkje

12. juni kl. 16.00:
Gudsteneste i Mjømna kyrkje.

Neste utgåve av Infoposten

Neste utgåve av Infoposten kjem ut i mai 2016. I den utgåva av Infoposten vert det meir informasjon om gjennomføring av folkeavrøysting i samband med kommunereforma. Det vil verte gjeve utfyllande informasjon om kva alternativ som vert lagt fram til folkeavrøystinga den 23.05.2016



- Taxi
- Rullestol
- Minibuss

Tlf. 577 83 100